



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-15

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet		

Oppfylging av statsingsområde i samarbeid med SLT

Bakgrunn for saka

I samband med utarbeiding av lokal handlingsplan for SLT-arbeidet i Tokke kommune for perioden 2024-2027 var Tokke ungdomsråd involvert i planprosessen.

Ungdommane fekk sjølv kome med forslag til tiltak som skulle prioriterast. Då handlingsplanen blei lagt fram i kommunestyret, var leiar av Tokke ungdomsråd Sverre Nygård Ståland med og presenterte ungdomsrådet sine prioriteringar

Tiltak 1- Båtførarkurs/Snøskuterkurs teori og praksis

Dette har vore etterspurt av ungdommen sjølv. Å få til båtførarkurs igjen, inkludert praktisk opplæring, vil vere med å sikre trygg ferdsel på vatn. Å få praksis er viktig sidan ein ikkje kan lese seg til å køyre båt. Forslag frå Ungdomsrådet er at kommunen dekkjer halvparten av kursavgifta til snøskuterlappen for ungdom frå Tokke mellom 16-20 år, samt halvparten av kursavgifta til båtførarkurs for ungdom mellom 14-18 år.

Tiltak 2 – Lokal køyreopplæring traktor og moped.

Flere ungdommar og føresette ynskjer intensivkurs på Dalen. Det er meir praktisk og ein slepp å reise ut av kommunen. Det er eit miljøvennleg og kostnadsbesparande tiltak.

Saksutgreiing

Både snøskuterkurs og båtførarkurs for ungdom legg vekt på tryggleik og ansvarleg ferdsel. Ved å støtte delar av kursavgift, vil ein gje fleire ungdommar tilgang til kursa, som igjen vil vere med på å førebygge ulykker og skape tryggare ferdsel, betre haldningar og bidra til sosial utjamning. Dette er i tråd med kommunens haldningsskapande arbeid.

Konklusjon

Kommunedirektørens tilråding